



DEBATT: Miljødebatten skal skje på Sentralbadet Litteraturhus mandag kveld.

ARKIVFOTO

Inviterer til miljødebatt

Besteforeldreaksjonen inviterer mandag til debattmøte om lokal klimapolitikk. Der kjem alle listetoppene i den nye kommunen.

INGA ØYGARD JAASTAD
inga@hardanger-folkeblad.no

Debatten skal gå føre seg på litteraturhuset i Odda. Tidlegare

på dagen skal det også vere arrangement på ungdomsskulen og for ungdom ved Odda videregående skule.

- Helge Drange og Hilde Holdhus innleier debatten.

Drange er ein av dei fremste klimaforskarane i landet.

Holdhus er leiar av Greensight i Bergen, og har brei erfaring som klimaformidlar, og kjenner Odda og Ullensvang

godt. Ho tek føre seg målsetninga og innhald i klima- og miljøplanen i Ullensvang.

- Eg trur det vert ein veldig interessant og fruktbar kveld. Noko av bakgrunnen for at me arrangerer dette er at nye Ullensvang kommune skal i 2020 vedta ein klima- og miljøplan, fortel Halfdan Wiik i Besteforeldreaksjonen.

millionar i første halvår eksa vidare



nytilsett industrimekanikar Håvard Kvåle.

ALLE FOTO: SYNNØVE NYHEIM



VEKS VIDARE: Odda Technology har no rundt 50 tilsette.



LÆRLING: Methawi Khaokaeo er sveiselærling og trivst godt.



LYST UT: Næringshagen søker ny dagleg leiari, ettersom noverande leiari, Heidi T. Ryste, gjev seg.

ARKIVFOTO

Sluttar som dagleg leiari

Næringshagen i Odda søker no ny dagleg leiari.

- Det er sjølv sagt kjedelege å miste Heidi, seier styreleiar Bente Raaen Widding.

INGA ØYGARD JAASTAD
inga@hardanger-folkeblad.no

- Det er ei utrulig spanande stilling, som er sentral i det som skjer i området. Eg håpar det er mange som søker, seier avtroppende dagleg leiari, Heidi T. Ryste.

Ho opplyser at det er private årsaker til at ho no gjev seg som leiari i næringshagen, og at ho ikkje har mista trua på regionen.

- Det har vore veldig dyktige kollegaer. Eg har fått jobba med mange spanande pro-

sjekt som næringshagen er involvert i, og det vert gjort mykje viktig og riktig arbeid. Det er mykje spanande som skjer med den nye kommunen og korleis den kjem til å posisjonere seg, seier Ryste.

Styreleiar i Næringshagen i Odda, Bente Raaen Widding, seier dei no må ta utfordringa med å finne ein ny dagleg leiari.

- Me ser etter ein person som er interessert i næringslivet og vil vere med på veksten her inne.

- Det er sjølv sagt kjedelege å miste Heidi, som har vore ein bra person med gode kvalitetar. Men slik er livet og me tek utfordringa og satsar på at det er mange sterke kandidatar som søker, seier Raaen Widding.

Måtte stenge tunnel

Nødetatene rykket ut til en trafikkulykke i halv sjutiden onsdag etter-middag i Rullestadtunnen på E 134.

Det var et sammenstøt mellom en bil og en bil med campingvogn.

- Alle personene skal være ute, kunne operasjonssentralen til Sør-Vest politidistrikt på Twitter melde like etter ulykken var kjent.

Vegtrafikksentralen (VTS) meldte først om ulykken like etter klokken 18.30. Operasjonsleder Steinar Knudsen i politiet sa følgende til Hauge-

sunds Avis like etter:

- Det er en bil med campingvogn der motoren har «kokt over» som gjør at den stanser. Så kommer bil nummer to og kjører inn i vogna, sa Knudsen.

Fem personer var involvert, men ingen fikk synlige skader. Campingvognen skal ha veltet og landet over bilen bak og ble totalskadet. Den andre bilen havnet på siden.

Bergingsbil ble rekvirert klokken 18.58. Tunnelen var ryddet og åpnet for fri ferdsel klokken 21.38.